

Valnemndas behovsanalyse for styreperioden frå november 2018

I samsvar med instruksen for valnemnda har nemnda utferda dette dokumentet som grunnlag for arbeidet fram mot landsmøtet i november 2018. Ved sida av valnemndas egne inntrykk og erfaringar byggjer behovsanalysen blant anna på innspel innhenta frå medlemmane i det sitjande styret og generalsekretæren.

Amnesty International og Amnesty International Norge

Amnesty International er den største menneskerettsorganisasjonen i verda, med over 7 millionar støttespelarar, medlemmar og aktivistar. Den norske seksjonen har om lag 112 000 medlemmar og støttespelarar. Av desse er om lag 55 000 medlemmar med fulle demokratiske rettigheter i organisasjonen. Vidare har den norske seksjonen 67 fast tilsette, fordelt på eit hovudkontor og fem regionkontor. I 2017 hadde den norske seksjonen inntekter på i overkant av 103 millionar kroner. Amnesty tek av prinsipielle årsaker ikkje imot statsstøtte.

Oppgåver for styret i Amnesty International Norge.

Styret er det øvste organet i Amnesty International Norge mellom landsmøter, og har dermed det overordna ansvaret for all aktivitet i den norske seksjonen. Dette inneber at styret må ha kompetanse til å handtere spørsmål knytt til menneskerettspolitik og -strategi, organisasjon og økonomi. Styret må ha kompetanse og kapasitet til sjølv å fastsetje planar, strategiar, budsjett med meir, og til å føre tilsyn med korleis slike vedtak vert følgde opp i sekretariatet og andre delar av rørsla. Styret må vidare ha god kjennskap til det frivillige arbeidet i seksjonen, og vere i stand til å kommunisere godt med medlemmane. Styret må også ha kompetanse til å forvalte arbeidsgjevaransvaret for generalsekretæren og det overordna ansvaret for arbeidstilhøva for dei andre tilsette i den norske seksjonen. Det er også ein fordel om styremedlemmar har nettverk og kontaktar som kan bidra til å styrke Amnesty si emne til å påverke politiske og andre prosessar i Noreg.

Det norske styret representerer den norske seksjonen i ei rekkje organ og prosessar i den globale delen av Amnesty-rørsla. Mellom anna peiker styret ut dei norske representantane til det øvste internasjonale organet i Amnesty International, Global Assembly. Styret deltar også i handsaminga av ei rekkje globale prosessar knytt til spørsmål om menneskerettar, organisasjon og økonomi. Styret må ha fagleg kompetanse, språkkunnskap og kapasitet til å delta i desse prosessane.

Særskilte oppgåver i komande styreperiode.

Amnesty International skal implementere ein global “Governance Reform”-prosess, som vart vedteke i 2017. Det er viktig at styret i den norske seksjonen samla sett har den forståinga og erfaringa som er naudsynt for å følgje og ta del i prosessen. Det vil seie at god kjennskap til eller erfaring frå organisasjonsstrukturen i Amnesty International, eller samanliknbare organisasjonar, vil vere naudsynt.

I komande styreperiode er det å vente at utfordringar knytta til menneskerettsfaglege spørsmål vil vere høgt på dagsorden, for ein del knytta til politiske prosessar i Noreg og internasjonalt. Vidare vil det vere viktig å sikre at aktivist-/medlemsperspektivet er godt ivareteke i samansetninga av styret.

Krav valnemnda vil leggje vekt på i arbeidet med framlegg til styre:

Mangfald (også geografisk) er ein sentral verdi i Amnesty-rørsla. Samansetjinga av det norske styret skal reflektere dette.

Valnemnda vil leggje vekt på erfarings- og kompetansebehov for eit samla styre. Det vil seie at ein styremedlem ikkje treng ha all kompetanse som er naudsynt for handsaminga av alle saker. Eit samla styre bør ha denne erfaringa og kompetansen:

- ❖ Amnesty-erfaring – frå lokale, nasjonale og internasjonale oppgåver.
- ❖ Menneskerettskunnskap – både med juridisk vinkling og frå etisk/filosofisk synsstad.
- ❖ Erfaring med menneskerettsarbeid, til dømes undervisning i menneskerettar og handsaming av menneskerettsbrot.
- ❖ Erfaring frå andre medlemsbaserte organisasjonar – lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.
- ❖ Erfaring med styrearbeid – særleg nasjonale styre i medlemsbaserte organisasjonar.
- ❖ Erfaring med økonomistyring – gjerne på nasjonalt nivå i medlemsbaserte organisasjonar.
- ❖ Erfaring med marknadsføring – gjerne på nasjonalt nivå i medlemsbaserte organisasjonar, eller frå større bedrifter eller offentlege organisasjonar.
- ❖ Erfaring med innsamling/fundraising i større medlemsbaserte organisasjonar.
- ❖ Nettverk som kan bidra til å fremje Amnestys arbeid internasjonalt og nasjonalt.
- ❖ Erfaring med strategiutvikling – frå medlemsbaserte organisasjonar eller større bedrifter/offentlege organisasjonar.
- ❖ Evne til å setje seg inn i store saksmengder på kort tid.
- ❖ Språkkunnskap

Utover dette legg valkomiteen vekt på at styremedlemmane har tilstrekkeleg arbeidskapasitet til å ivareta styrevervet.